

Bettina

Som regel har Bettina på seg lyseblå, slaskete olabukser og ein polkagrissstripete genser. På føtene har ho tunge skor med rauda lisser som ho aldri knyter igjen.

Bettina er så tøff at ho nesten skremmer vitet av dei små barna på skulen berre ho viser seg. Dei vet jo ikkje at Bettina eigentleg er verdas snillaste jente.

Nokre gonger stiller Bettina seg midt i skulegarden og begynner å syngje så høgt at vindaugerutene dirrar. Då sluttar alle barna å leike og stirrer forskrekka på henne. Til og med rektor plar kikke ut av vindauget sitt.

